

Norges vassdrags og energidirektorat (nye konsesjoner)
Postboks 5091 Majorstua,
0301 Oslo.

Fråsegn til konsesjonssøknaden frå Sesskraft A/S i Vestnes kommune
Møre og Romsdal.

Søknaden gjeld utbygging av Hoemselva og Sessselva i Vestnes
kommune, til el.kraftproduksjon.

Har lest konsesjonssøknaden som i utgangspunktet virkar grei.
Men det er visse opplysningar som eg meiner ikkje er rett beskrevne
som kan vera missvisande. Eg er så fri å gjera merksam på dette
nedanfor.

I innleiinga side 5, også på side 13, står det. "Sesskraft A/S er stifta av
eigarane av tilstøytande eigedomar til vassdraget"

MERKNAD nr 1: Eigarane av Sesskraft A/S er berre to av mange
grunneigarar som grensar til vassdraga.

På side 22, 1 avsnitt står det. "Fallrettane tilhøyrande Vestnes Vassverk
A/L, er no kjøpt attende av grunneigarane".

MERKNAD nr. 2: Fallrettane er kjøpt attende av to av grunneigarane.
Geir Sætre har representert berre desse to grunneigarane.


I 1868 selde grunneigarane av nedanfor nemte G.nr. fallrettar og
oppdemningsrettar til Ing. Henry Knopf. til industriell utnyttelse.
G.nr. 11, (Hoem), G.nr. 8, (Sætre) og grunneigarane med
rettigheter på G.nr 5, (Daugstad)

MERKNAD nr. 3: Geir Sætre og Sesskraft A/S representerer to, og ikkje
alle noverane grunneigarar av nemte gardsnommer.

I 1950 åra var det jordskifte over G.nr. 5 så undertegna vert i fl. framlagte
plan, truleg ikkje berørt med inngrep på eigedom G.nr. 8.

Dette til underretning.

Daugstad den 21. august 2013.


Gunnar Daugstad, 6392 Vikebukt. (eigar av G.nr. 5/Br.nr. 8)